

Notat

Dato: 15.07.2014
Arkivsak: 2014/862-12
Saksbehandlar: annsve3

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Anne Sara Svendsen

Plan for systematisk arbeid med bedriftsoppfølging - Rutinar for køyring av rapportar og statistikk

Bakgrunn

Fylkestinget bad i møte 10. og 11.12.2013, sak 87/13, fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- *Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar.*
- *Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.*

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune».

Plan for systematisk arbeid med bedriftsoppfølging låg føre 31.5.14. Eitt av delpunkta i planen er å lage rutinar for når ulike rapportar og statistikk skal køyrast.

Rapportar/statistikk til ekstern bruk

Eksisterande statistikk:

Utdanningsdirektoratet tek ut statistikk frå den sentrale Vigo-databasen, og offentleggjer ei omfattande oversikt 1. september, 1. oktober, 1. november og 1. desember. Tala Udir legg ut er først og fremst knytte til utviklinga i talet på lærekontraktar, og er den mest «offisielle» statistikken vi har.

Statistikken omfattar følgjande:

- Primærsøkjarar og godkjende lærekontraktar per fylke
 - Alle rettsstatusar
 - Ungdomsrett
- Primærsøkjarar og godkjende lærekontraktar per utdanningsprogram
 - Alle rettsstatusar
 - Ungdomsrett
- Primærsøkjarar og godkjende lærekontraktar per programområde (kurskode)
 - Alle rettsstatusar

- Ungdomsrett
- Primærsøkjarar og godkjende lærekontraktar per programområde per fylke
 - Alle rettsstatusar
 - Ungdomsrett
- Godkjende lærekontraktar per utdanningsprogram og per fylke
 - Godkjende lærekontraktar totalt
 - Lærlingar med ungdomsrett
- Del av godkjende lærekontraktar av primærsøkjarar, per utdanningsprogram og per fylke
 - Godkjende lærekontraktar totalt
 - Lærlingar med ungdomsrett
- Del av søkjarar som har fått godkjent lærekontrakt, månadleg utvikling dei siste tre åra, per fylke
 - Målt 1.august, 1.september, 1.oktober, 1. november, 1.desember
- Del av søkjarar som har fått godkjent lærekontrakt, månadleg utvikling dei siste tre åra, per utdanningsprogram
 - Målt 1.august, 1.september, 1.oktober, 1. november, 1.desember
- Godkjende lærekontraktar til søkjarar med skuleplass som primærønskje, per fylke
 - Godkjende lærekontraktar totalt
 - Lærlingar med ungdomsrett
- Godkjende kontraktar fordelt på kontraktstype og fylke
 - Alle rettsstatusar
 - Ungdomsrett
- Del av godkjende kontraktar (alle typar) av primærsøkjarar til læreplass, fordelt på utdanningsprogram og fylke
 - Alle rettsstatusar
 - Ungdomsrett
- Søkjarar og godkjende lærekontraktar, fordelt på fylke og rettsstatus
- Søkjarar og godkjende lærekontraktar per programområde, fordelt på fylke og rettsstatus
- Søkjarar og godkjende lærekontraktar, fordelt på utdanningsprogram og kjønn
 - Alle rettsstatusar
 - Ungdomsrett
- Alle godkjende lærekontraktar, månadleg utvikling hausten siste tre år, etter fylke
- Endring i talet på godkjende lærekontraktar, månadleg utvikling hausten siste tre år, etter fylke
- Alle godkjende lærekontraktar, månadleg utvikling hausten siste tre år, etter utdanningsprogram
- Endring i talet på godkjende lærekontraktar, månadleg utvikling hausten siste tre år, etter utdanningsprogram
- Alle godkjende lærekontraktar, månadleg utvikling hausten siste tre år, etter lærefag
- Alle godkjende lærekontraktar med ungdomsrett, månadleg utvikling hausten siste tre år, etter lærefag
- Godkjende lærekontraktar fordelt på sektor (stat, fylkeskommune, kommune, privat) og fylke

Tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring i Hordaland

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkestinget.

Til grunn for tilstandsvurderinga og denne rapporten ligg fleire kjelder. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein standardisert mal, som inneheld eit sett med indikatorar. I tillegg til indikatorar frå malen, er rapporten bygd ut med dei prioriterte tiltaksområda i HFK.

Målet er at tilstandsrapporten skal vere eit godt grunnlag for vurdering, debatt og dialog og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling.

Tilstandsrapporten vert utarbeidd om hausten og gjeld føregåande skuleår, føregåande kalenderår for fagopplæringa sin del.

I samband med rapporten vert nøkkeltal henta frå Skoleporten/KS:

- Talet på elevar og lærlingar dei siste fem åra
- Del av elevar og lærlingar som er i yrkesfaglege utdanningsprogram
 - Hordaland
 - Totalt
- Del av elevar som starta på yrkesfag som har oppnådd yrkeskompetanse/fag-/svennebrev
 - Hordaland
 - Totalt
- Del av elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år
 - Hordaland
 - Totalt
- Del av elevar i Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram i fjor, ikkje i utdanning i år
 - Hordaland
 - Totalt
- Fordeling av elevar i Hordaland som fullfører og sluttar på utdanningsprogram, %-vis del av tal på elevar
- Elevar i Hordaland med type oppnådd kompetanse 5 år etter oppstart.

I tillegg vert HFK-tal utarbeidde:

- Oppnådd nivå fordelt på studieførebuande og yrkesfagleg utdanningsprogram for dei elevane som starta i Vg1.
- Progresjon på dei ulike utdanningsprogramma
- Oversikt over opplæringskontraktar
- Oversikt over talet på formidla, nye lærekontraktar og elevar i alternativt Vg3 dei siste fem åra.
- Løpande lærekontraktar
- Talet på kontaktar etter dei ulike opplæringsmodellane 2+2, 0+4, 1+3, vekslingsmodellar
- Talet på fag-/sveineprøver for lærlingar dei siste fire åra
- Fag-/sveineprøver for praksiskandidatar dei siste fire åra
- Strykprosent dei siste fire åra for lærlingar, praksiskandidatar og elevar med sluttopplæring i skule. Første gongs prøve og andre gongs prøve.
- Talet på heva lærekontraktar
- Årsak til heving av kontraktar – tal
- Fag-/sveineprøvar etter Vg3 i skule – resultat

Årsrapporten for fagopplæringskontoret vert laga på seinvinteren, og inneheld ein del statistikk for føregåande kalenderår, som vi meiner gir eit godt bilete av situasjonen innan fag- og yrkesopplæringa:

- Oversikt over formidla, lærekontraktar og sluttopplæring/alt. Vg3 i skule siste fem år
- Inngåtte lærekontraktar og opplæringskontraktar fordelt etter ulike opplæringsløp
- Avlagde fag-/sveineprøver og kompetanseprøver fordelte på ulike opplæringsløp, kjønnsfordelt
- Utvikling avlagte fag-/sveineprøver totalt siste fem år
- Utvikling avlagte fag-/sveineprøver for praksiskandidatar siste fem år
- Oversikt over strykprosent på praktisk fag-/sveineprøve siste fem år, fordelt på kandidat-kategori
- Oversikt over heva kontaktar siste fem år

- Heva lærekontraktar og opplæringskontraktar
- Heva kontraktar fordelt etter rett
- Heva kontraktar fordelt på opplæringskontor og sjølvstendige lærebedrifter
- Heva kontraktar fordelt på fag
- Statistikk over tal på prøvenemnder og -medlemmer
- Nye, godkjente lærebedrifter og opplæringskontor og fag
- Statistikk for deltaking på informasjonsmøte og kurs for fagleg leiar
- Nye kontraktar fordelt på sektor (stat, fylkeskommune, kommune, privat)

I tillegg til ovannemnde vert det gjennom året laga relativt mykje statistikk på bestilling frå eksterne aktørar.

Rapportar/statistikk til intern bruk

Det vil også vere behov for ein del oversikter til bruk internt:

- Opplysningar om søkjarar til læreplass i høve til tilgjengelege læreplassar, fordelt på fag og region
- Opplysningar om søkjarane
- Utviklinga i formidla søkjarar
- Heva lærekontraktar per bedrift/bransje. Årsak til heving.
- Ikkje bestått første/andre gongs prøve per bedrift/bransje. Årsak til ikkje bestått.
- Info frå årsrapport per bedrift, detaljert
- Info frå lærlingundersøkinga og lærebedriftundersøkinga, per bedrift/opplæringskontor, detaljert
- Kven av dei faglege leiarane som har vore på kurs og opplæring
- mm

Vidare arbeid med statistikk/rapportar

Bruk av tal og statistikk er viktig for å ha oversikt på situasjonen innan fag- og yrkesopplæringa. Tala skal både vere styringsverktøy for arbeidet med fagopplæring, og skal brukast eksternt til alle som er interesserte i kva som rører seg på denne fronten. Fagopplæringskontoret opplever stor interesse for opplysningar frå mange hald, og det er stadig spørsmål etter spesiell statistikk frå media mm.

Det er ei kapasitetsmessig utfordring for fagopplæringskontoret at det stadig er ønske om talmateriale frå eksternt hald. Det er mykje manuelt arbeid knytt til å lage desse rapportane, og ofte er fristane for å legge fram tala svært korte (på dagen).

Fagopplæringskontoret må derfor ta ein detaljert gjennomgang av kva rapportar det er behov for, og korleis arbeidet kan rasjonaliserast. Vi må jobbe meir systematisk med statistikk, halde oss mest mogleg til eit fast sett med rapportar som gir eit godt bilete, køyre desse til faste tider, og publisere informasjonen på internett til bruk for alle som måtte vere interesserte.

Utdanningsdirektoratet sin statistikk er eit godt utgangspunkt for å vise situasjonen når det gjeld kontrakter. For å dekke opp behovet for meir detaljerte opplysningar som gjeld Hordaland kunne vi ha brukt Udir sine tal, men i tillegg delt dei opp på regionane i Hordaland.

Lagar vi eit sett oversikter også per 31.12. kvart år, får vi i tillegg årlege, samanliknbare tal.

For å få eit bilete av heile fagopplæringa, kan vi vidare ta utgangspunkt i oversiktene som skal lagast til Tilstandsrapporten og Årsrapporten. Med litt tilpassing kan ein gjerne få laga rapportar som dekkjer fleire behov. Desse kan køyrast fast per 31.12., eventuelt også per 30.6.

Konklusjon – statistikk til ekstern bruk og tidspunkt for kjøring

Type statistikk	Jan	Feb	Mars	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Utdanningsdirektoratet								1.8.	1.9.	1.10.	1.11.	1.12.
Bruke Udir sin statistikk m/ fordeling på regionar i Hordaland								1.8.	1.9.	1.10.	1.11.	1.12. 31.12.
Kontraktar etter ulike opplæringsløp <ul style="list-style-type: none"> Nye i år Løpande 												31.12.
Søkjarar til læreplass – intensjonsavtalar			10.3.									
Formidlingstal			31.3.	30.4.	31.5.	30.6.	31.7.	30.8.				
Hevingar						30.6.						31.12.
Fag-/ sveineprøver												31.12.
Ikkje bestått						30.6.						31.12.
Nye, godkjende lærebedrifter og opplæringskontor						30.6.						31.12.
Årsrapportering lærebedrifter - hovudfunn						30.6.						
Lærlingundersøkinga og lærebedriftundersøkinga - hovudfunn												31.12.

Konklusjon – oversikter/statistikk til intern bruk og tidspunkt for kjøring

	Jan	Feb	Mars	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Søkjarar til læreplass			10.3.									
Formidling – ikkje kvalifisert			31.3.									
Hevingar – bedrift/bransje, årsaker						30.6.						31.12.
Ikkje bestått – bedrift/bransje, årsaker						30.6.						31.12.
Årsrapportering lærebedrifter – div info						30.6.						
Lærlingundersøkinga og lærebedriftund.												31.12.
Informasjonsmøte nye lærebedrifter						30.6.						31.12.
Kurs for faglege leiarar og instruktørar						30.6.						31.12.

Korleis opplysningane skal lagrast/gjerast tilgjengelege

Dei viktigaste statistikkane og oversiktene til ekstern bruk bør leggjast på nettsidene til fagopplæringskontoret etter kvart som vi lagar dei. I tillegg må dei lagrast på I-disken. Vi legg også ut lenkja til Utdanningdirektoratet sine oversikter.

Arkivering av rapportane til intern bruk må vurderast ut frå kva opplysningar dei inneheld. Dei kan leggjast i eiga mappe på I-disken, evt på meir skjerma område der det er nødvendig.